

VÅGÅ KOMMUNE
LOM KOMMUNE
SKJÅK KOMMUNE
Skogbruksjefen

Vågåmo, 15.03.2004

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saknr.:	Doknr.:
2003/03044	158
Mottatt: 17 MAR 2004	
Faks. nr.:	Ark. nr.:
ASR/JUR/IAA	482
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref: Vår ref

HØYRING NY SKOGBRUKSLOV.

Vedlagt oversendast fråsegn frå Vågå og Skjåk. Lom skal handsame saka 16.03, og den vil bli ettersendt snarast.

Vennleg helsing



Tormod Pedersen
Skogbruksjef

Postadresse:	Faste kontordagar (landbrukskontora):	Tlf. mob. 941 91 281
Postboks 106 2684 VÅGÅ Hovudkontor Vågå	Vågå: Kvar fredag Lom: Første måndag i månaden Skjåk: Første onsdag i månaden	Tlf. kont. 61 29 36 74 " " 61 21 73 00 " " 61 21 70 00

Melding om vedtak

Det Kongelige Landbruksdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykker ref:	Vår ref: 03/01933-3	Saksbeh: Tormod Pedersen, 61 29 36 74	Arkivkode: V7	Dato: 12.03.2004
-------------	------------------------	--	------------------	---------------------

Særutskrift: Forslag til ny lov om skogbruk - høring

Vedlagt følgjer særutskrift av sak 10/04 i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning, den 11.03.2004.

Med helsing
Sonja Tangen
Sonja Tangen
Sekretær

SAKSGANG:			
R.f..	Utval	Møtedato	Utvallssak
X	Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning	11.03.04	010/04

Forslag til ny lov om skogbruk - høring

Saksdokument:

Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) – høring, datert 04.12.2003.

SAKSFRAMSTILLING:

Den gjeldande »Lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern (skogbruksloven)» er , som det går fram av namnet, frå 1965. Landbruksdepartementet har som formål med framlegget: »å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane».

LD seier om lovframlegget:

»*Lovforslaget legg m.a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større.*

Lovforslaget legg til grunn som hovedprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane blir forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet fører i denne samanheng inn omgrepene forvaltaransvar i lova.

Lovforslaget gir ei ny føresagn om forynging etter hogst. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksettinga av den nye lova. Det er ynskjeleg at høringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m.a. eit forslag om heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova. Som for forskrifta om forynging ber departementet høringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresagnene om omdisponering av skogsmark i gjeldande lov blir ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels ved føresagnene om deling og omdisponering i jordlova.

Føresagnene i gjeldande lov om at brot ikkje blir påtala utan krav frå skogbruksstyremaktene blir ikkje ført vidare. Departementet meiner elles at særleg alvorlege brot på lova og forskrifter fastsett med heimel i denne, som gir varige negative verknader for miljøet, skal vurderast som miljøkriminalitet. Det kan i slike saker og bli reist tiltale etter straffelova.

Næringskomiteen sa følgjande i Innst. S. nr. 208 (1998-1999) side 19-20: »Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar.»

Vurdering:

Generelt:

Forenkling:

Det er ynskjeleg med ein enkel og kortfatta lovtekst. Gjeldande lov har 58 paragrafar, mens framlegg til ny lov har 22 paragrafar. Når ein les det nye framlegg til ny lov har ført til at ein har gått for langt. Fjerning av paragrafen om omdisponering av skogmark er eit godt døme på at ein har tatt ut av lova (oversørt til jordlova) ei heilt naudsynt styringsreiskap i arealforvaltninga. Generelt framstår loven som ein funksjonell lov, men med klare behov for forbetring som er omtalt nedanfor.

Forhold mellom intensjon og verkemiddel:

Når ein les lovteksten med kommentarar får ein følinga av at departementet har store ambisjonar for aktivitetsnivået i skogbruket, samstundes er det vanskeleg å sjå at virkemidla står i samsvar med intensjonane. Minstesats i % til skogfondet (skogavgift) er eit særskilt virkemiddel, når departementet foreslår 2 % syner det eit særskilt lågt ambisjonsnivå.

Skogoppsyn:

Gjeldande skogbrukslov brukar omgrepet »skogoppsyn» som ei samlenemning for dei organ som har makt til å treffe vedtak etter lova. I framlegg til ny lov er omgrepene ikkje ført vidare. Kommunen er utøvande førsteinstans for mange lovar utan at tilsvarande omgrep blir nytta i samband med andre lovverk. Når kommunen frå 01.01.2004 er skogbruksstyremakt i første instans er det naturleg at omgrepene »skogoppsyn» ikkje førast vidare.

Omdisponering av skogsmark:

I gjeldande skoglov er det § 50 som styrer omdisponering av skogsmark til andre formål enn skogbruk. I framlegg til ny skoglov er fråsegnen om omdisponering av skogsmark tatt bort. I staden vil departementet endre § 9 i jordlova og ta inn skogbruk der. Det som gjeld skogbruk blir: » Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruks- eller skogbruksinteressene bør vike. For skog skal det og takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog etter lov om skogbruk. Det kan kreyjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje.

Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte jorda eller skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.»

I dagens jordbruk er det eit aukande behov for kulturbeteite. Dette skuldast aukande del sommarmjølk, auka tal ammekyr og lovpålagt beitesesong. Dei fleste sakene om kulturbeteite er kurante, men pga. smale skogteigar som går frå dalbotn og heilt til fjells er det heilt naudsynt å ha styringsmøgelse på denne arealbruken. Vi har hatt fleire store arealomdisponeringssaker i Ottadalen som bare har kunne styrast gjennom §§ 50 og 1 i skogbrukslova. Det er derfor viktig å ha ein lovheimel som kan styre all omdisponering av skogsmark. Denne lovheimelen bør stå i skoglova. Det er ulogisk og forvirrande at ein må leite i jordlova for å finne heimelen om omdisponering av skogsmark. Det er særskilt å føye til paragrafen i skoglova i ei kurant delingssak. I praksis har ein som sakshandsamar ferdige malar på vedtak, der det t.d. stårkommune gjev løyve til, i medhald av §§ 9 og 12

i jordlova og § 50 i skoglova, Så argumentasjon om å samle omdisponering av både jord og skog i jordlova for å gjøre ting enklare er ikkje relevant.

Kommentarar til dei einskilde paragrafer:

§ 1 Formålet med lova (formålsparagrafen):

Formålsparagrafen er eit viktig signal om prioriterting av kva interesseområda loven dekkjer og vektlegginga på kvar område. I internasjonal skoglovgjeving, og i framlegg til ny skoglov, er det ei tredeling som omfattar økonomi, økologi og skogen sine kulturelle og sosiale verdiar. Departementet gjer framlegg om følgjande ordlyd:

»Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.« I notatet som følgjer lovutkastet skriv departementet: *»I arbeidet med formålet og dei ymse føresegnene i lova er det derfor lagt særleg vekt på at lovgjevinga skal fremme ei aktiv og berekraftig forvaltning som tek sikte på verdiskaping.«* Dette er formuleringar som vi berre kan slutte oss til.

§ 4 Skogeigar sitt forvaltaransvar

Lovgjevinga i t.d. Sverige, Finland og Tyskland inneheld konkrete føresegner om skogbruket sine miljøoppgåver, under dette omsyn til nøkkelbiotopar og andre særlege miljøverdiar i skog.

Departementet varsler ei ny miljøforskrift. Dette var sist framme i samband med utarbeiding av »Skogmeldinga» (St. meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren). Det utøvande skogbruk gjennom Norges Skogeierforbund gjekk den gong sterkt i mot miljøforskrift, og viste til Levende Skog standardane. Levende Skog er ei avtale mellom skogbruket og ei rekke miljø-, frilufts-, arbeidstakar- og treforedlingsorganisasjonar om korleis skogbruket skal drivast for mellom anna ta tilstrekkelege miljøomsyn. Formålet med avtala var å skape »fred» med miljøinteressene, og gjere norsk skogbruk truverdig i miljøsamanheng i verdsmarknaden. Tida har vist at kritikken frå miljøsida mot norsk skogbruk har halde fram, også i internasjonale fora, for å fremje press mot norsk skogbruk. Miljøsida ynskjer stadig å frede større skogareal, og å stramme inn på standardane slik at skogbruket blir pålagt stadig nye restriksjonar. Det har nå blitt prøvd å gjennomføre ein avtala revisjon av Levende Skog standardane. Det har resultert i at Norges naturvernforbund har brote samarbeidet fordi dei følte at dei ikkje fekk nok gjennomslag for innstrammingar i standardane.

Ved Stortingets handsaming av Skogmeldinga sa komiteen: *»Flertallet, medlemmene av Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Høyre, vil be departementet vurdere resultatet av en videreføring av dette frivillige prosjektet etter 2 år, og da ta stilling til om det er behov for en miljøforskrift i påvente av en fullstendig gjennomgang av saksfeltet i forbindelse med ny skogbrukslov.«*

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, vil understreke at det er nødvendig med klare miljøbestemmelser i lov- og regelverket for skogbruket. «

Det ligg i sakens natur at miljøorganisasjonane alltid vil presse for at miljøinteressene skal vektleggast stadig tyngre i forhold til andre interesser. Å tru at ei friviljug avtale kan stanse ein slik prosess er ei feilvurdering. Derfor er det viktig at det offentlege trekker opp klare rammer for dei krav som skal stillast til skogbruket for at tilstrekkelege miljøomsyn blir tatt. Landbruksdepartementet har investert meir enn 40 millionar kroner i prosjektet »Miljøregistrering i skog – MiS). Noreg har gjennom dette prosjektet skaffa seg unik kunnskap, også sett i eit internasjonalt perspektiv, om korleis ein skal ta vare på det biologiske mangfald i norsk skog. Denne kunnskapen må nyttast til å utarbeide ei detaljert miljøforskrift.

Departementet ynskjer synspunkt på om t.d. reglar om hogst knytt til reirlokalitetar for rovfugl o.a., grøfting av myr og sumpmark, fjerning av kantonar mot vann og vassdrag har nokon verdi. Reglane bør ha ein slik detaljeringsgrad. Dette vil sikre skogeigaren sin rettstryggleik i slike spørsmål. Handsaminga av offentlege lovar og forskrifter er styrt av forvaltningslova og skogeigar er sikre rett til å klage på vedtak og få saka vurdert av overordna organ. Levende skog standardane har ikkje ein slik rettstryggleik for skogeigaren.

Miljøforskrifta vil da kunne sette ein standard på kva som er naudsynt for sikre at tilstrekkeleg miljøomsyn blir tatt. Det vil ha stor verdi for det utøvande skogbruk å ha eit slikt rammeverk å halde seg til når dei skal diskutere Levende Skog standardar med miljøsida, og det er grunn til å tru at det kan vere med å dempe presset om stadig aukande restriksjonar. Det vil ha stor verdi for treforedlande industri, både nasjonalt og internasjonalt, og kunne marknadsføre at produkta er produsert innanfor ei detaljert nasjonal miljøforskrift. Det er grunn til å understreke at framlegget ikkje har bakgrunn i eit ynskje om å auke byråkratiet, eller gje kommunen meir makt, men fordi det utøvande skogbruk vil vere tent med ei miljøforskrift.

§ 6 Forynging og stell av skog:

Plikt til å syte for ny skog etter hogst er fundamental i lovgiving om skog i nyare tid. Dette er blitt eit særleg aktuelt spørsmål etter at statstilskotet til planting blei teke bort. Både Sverige og Finland har i sine lover heimla ei plikt til å reise ny skog etter hogst. Lovane i dei to landa gjev heimel til å setje tidsfristar og kvalitetskrav til forynging, og til å krevje meldingar om planlagde og gjennomførte tiltak som siktar mot forynging.

I Finland må t.d. skogeigaren melde hogst seinast 14 dagar og høgst to år før den blir sett i gang. Lova stiller og krav om at tiltak for å få opp ny skog skal vere sett i verk innan 5 år etter at hogsten starta. Skogstyresmakta skal og ha melding når tiltaka knytt til forynging er gjennomførte.

Sverige har tilsvarende krav om melding om hogst til den regionale skogstyresmakta. Meldinga skal mellom anna innehalde opplysningar om korleis forynging skal gjennomførast. Skogstyresmakta brukar i praksis meldinga som grunnlag for råd eller påbod etter direkte kontakt med skogeigaren, eller entreprenøren, før hogst eller andre innmeldte tiltak blir sett i verk. Tiltak for forynging skal generelt vere gjennomførte innan 5 år. Fristane for etablering av forynging er 5 år i Sør-Sverige og 10-15 år i Nord-Sverige. Skogstyresmakta har heimel i lova for å krevje økonomisk tryggleik eller garanti for at tiltak for forynging kan bli gjennomførte, før hogsten blir sett i verk. Dette er ein parallel til ei av dei viktige funksjonane ordninga med skogavgift har i Noreg.

Departementet meiner at det ikkje er naudsynt med ei landsdekkande meldeplikt for hogst i Noreg. Departementet foreslår likevel at kommunane eller skogbruksstyremaktene på andre nivå skal kunne innføre meldeplikt om det er nødvendig. Vi vil slutte oss til vurderinga til departementet. Ein generell meldeplikt, som våre nordiske naboor har, er ei unødig byråkratisering som ikkje vil gje ein gevinst som står i forhold til alt arbeide den vil medføre. I Noreg er det ofte slik at skogbruksjefen enten arbeider for fleire kommunar eller så har han andre arbeidsoppgåver utanom reint skogfaglege. Det er ikkje kapasitet etter systemet i dag til å følgje opp generell meldeplikt på ein meiningsfull måte. Men det er verdt å merke seg at i Finland og Sverige er skogbruket og skogindustrien store og viktige næringar. Den innsatsen dei sett inn for raskt å få opp ny skog av god kvalitet viser kor viktig dette er i eit langsigkt perspektiv.

Departementet meiner at ved hogst tek skogeigaren ut verdiar og inntekter frå skogen. Departementet legg derfor til grunn at dette gjer skogeigaren forplikta til å ta kostnaden med

å få opp ny skog. Vi vil gje vår fulle tilslutning til dette som har vori eit berande prinsipp i skogbruket i alle år. Dei seinare år har dette prinsippet kome litt i bakgrunn i tråd med den samfunnsmessige utviklinga der kortsiktig profitt er i fokus, og investeringar i eit 100 års perspektiv kjem i bakgrunn. Foryngingsfeltkontrollar som skogoppsynet har gjennomført over hele landet viser at på ca. 20-25 % av hogstflatene er det ikkje gjort tiltak for å sikre ny forynging. I tillegg har ein monaleg del av det tilplanta areal på dei beste bonitetane for lågt tretal. Dette vil gje store konsekvensar for framtidig avverkingskvantum. Skogforskjarar har rekna ut at om denne trenden fortsett vil tilveksten i norske skogar i løpet av neste hundreår bli halvert frå 23 millionar kubikkmeter i dag til 10 millionar kubikkmeter. Da er tilveksten tilbake på det nivå den var ved inngangen på 1900 talet. Stor satsing på planting og skogkultur, med monaleg statleg støtte, dobla tilveksten i løpet av 1900 talet. Derfor bør skogloven ha ei klar foryngingsplikt med klare tidsfristar og minimumskrav på tal utviklingsdyktige planter av rett treslag.

Departementet har sett opp ein tabell for minstekrav til tettleik i foryngingane. For gran går den frå 125-150 planter på høg bonitet, 80-100 på middels bonitet og ned til 50 på låg bonitet. For furu er kravet 150-180 på høg bonitet, 100 – 125 på middels bonitet og ned til 50 på låg bonitet. Låg bonitet er i tabellen oppgjeve til F8, i Ottadalen har vi monalege områder med F6, så for furu må minimumskravet gjelde F8 og F6. Minimumskravet til departementet ligg under det som er naudsynt for å få tilfredsstillande kvalitets- og volumproduksjon. Det hadde vore ynskjeleg at nivået var minst 40 % høgare, for kvalitetsproduksjon av furu må ein langt høgare enn det og. Men som eit minimumsnivå, kor skogeigaren blir pålagt å gjere tiltak for å betre situasjonen om ein kjem under dette, finn ein det rett at nivået ikkje er høgare. Det er rett å akseptere at nivået er noko under det som er optimalt før det offentlege skal gå inn med pålegg. Det som er særsviktig er at minimumskravet gjeld under heile foryngingsfasen. Det er ikkje nok å plante dette talet planter. Det må plantast fleir for nokon vil alltid gå ut, og særleg på høg bonitet må det som regel gjerast tiltak for å oppretthalde talet utviklingsdyktige planter av rett treslag under heile foryngingsfasen. Kravet må vere definert til å gjelde tal planter som skal vere utviklingsdyktige ved t.d. 1,3 meters høgde. I forskrifta bør det setjast krav om kor stor del av hogstane som skal kontrollerast slik at ein får ein lik praksis frå kommune til kommune.

Nytt i forhold til den gjeldande lova er at kommunen etter at 3 års fristen og ny frist på 2 år er ute, kan syte for at tiltaka blir utført på skogeigaren si rekning.

Departementet skriv at akseptabel ventetid på naturleg forynging, før ein når minimumskrava, er fem år på høg bonitet, 10 år på middels bonitet og 15 år på låg bonitet. Vi sluttar oss til denne vurderinga.

Pålegg om vidare stell av ungskogen, avstandsregulering og lauvrydding, er ikkje heimla i loven. Det er grunn til å diskutere om dette er rett. Dette er heilt naudsynte tiltak om ein skal få store dimensjonar og god kvalitet i framtida. For kommunane vil det bli så arbeidskrevjande å følgje opp dette på kvar eigedom at bemanninga måtte aukast monaleg. Det er ikkje realistisk at det offentlege skal ha kapasitet til å følgje opp dette, og da bør det heller ikkje stå i lovteksten.

§ 9 Førebyggjande tiltak

Det har vori diskutert om skader på skog av hjortevilt bør inn i lova. Det er eit særstort problem i einskilde område, jfr. Murudalen i Sel kommune. Der det er store skader er det som regel trekkelg frå fleire kommunar. Dermed er det i praksis umogeleg for kommunen å påleggje noko tiltak med heimel i lov. Hjorteviltskader bør derfor ikkje inn i lova.

§ 11 Meldplikt:

Departementet legg ikkje opp til generell meldeplikt for all hogst/tiltak for forynging og stell av skog, men at kommunen kan innføre det. Vi gjev vår støtte til dette, det er ikkje naudsynt med ei generell meldeplikt.

§12 Vernskog

Lovteksten er "*Med vernskog meiner ein i denne lova skog som tener som vern for annan skog, og område der skogen kan gi vern mot naturskadar. Vernskog kan og omfatte område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er så sårbar at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikke blir øydelagt ved feil skogbehandling*" Det står vidare at fylkeslandbruksstyret kan innføre meldeplikt.

Det er i dag meldeplikt for hogst i vernskog. Skogeigarar som skal hogge mindre kvanta ringer i regelen til skogbruksjefen, og skogbruksjefen fyller ut skjema og fører på at løyve er gjeve under telefonsamtalen. Løyve er dermed postlagt same dag. Større drifter blir ofte synfart, og vilkår for hogsten sett om det er naudsynt. Skogbruksjefane er så godt kjend at dei effektivt kan gjere ei slik siling av saker. Røynsle har vist at feil skogbehandling i vernskogen kan gje negative konsekvensar i fleire 10 år. Det er derfor viktig at hogstar i vernskogen bli vurdert av saksbehandlar med skogbruksfagleg kompetanse. I lovteksten bør det derfor stå at det er meldeplikt i vernskogen (lovteksten er i dag slik).

§ 14 Innbetaling til skogfond:

Å oppretthalde skogavgiftsordninga, no kalla skogfond, er viktig for å oppretthalde eit langsiktig berekraftig skogbruk. Som omtalt under § 6 Forynging og stell av skog har det i fleire år vore ein monaleg reduksjon i planting og ungskogpleie. I 1990, som var eit toppår, vart det planta 66 millionar planter og gjort ungskogpleie på 765 059 daa i Noreg. I 2002 var tilsvarande tal 28 millionar og 332 877 daa, dette er gjev grunn til stor bekymring. Pliktig avsetning av ein del av tømmerverdien for å sikre investeringar i ny skog har vore ein av grunnpilarane i oppbygginga av norske skogressursar. Når det ikkje er rentar på kontoen, og ein stor skattefordel (60 %) ved å nytte midlane til langsiktige investeringar, er dette eit særskilt verkemiddel i norsk skogpolitikk.

Departementet skriv at dei ser det som særskilt viktig å føre ordninga vidare. Dei gjer framlegg om minimumssats på 2 % av bruttoverdi av virket. Framlegget til lov viser eit ynskje om å legge opp til ein offensiv politikk for å fremje skogbruket som næring og ta vare på framtidig skogproduksjon ved å skjerpe plikten til å forynge etter hogst. Minimumssatsen på 2 % harmonerer ikkje med dette. Det er i dag ikkje tilskot til planting, og da vil det normalt vere behov for minimum 15 % skogavgift, ofte meir, for å dekkje skogkulterkostnadane og noko vegkostnadane. I furuområde vil behovet kunne vere under 15 %, men særskilt sjeldan under 10 %. Om det er ein skogeigar som har for mykje skogavgift på kontoen er det ein enkel sak og frigje denne. Mangel på skogavgift er i dag den viktigaste negative faktor (særleg nå som vi har så lite statstilskot) når det gjeld manglende aktivitet på skogkultur. Plantinga i Oppland i 2003 har nådd historisk botnnivå og ungskogpleia er halvert frå året før. Dette skuldast at statstilskotet blei borte i 2003, og skogeigarane har ikkje nok midlar på skogavgiftskontoen til å kompensere for bortfallet av statstilskot.

Minimumssats for avsetjing til skogfond må vere 10 %. Dette vil skogeigarane vere tent med fordi dei i mykje større grad vil få nytte skattefordelen ved bruk av skogavgift.

Administrasjonssjefens innstilling:

Hovudutvalet for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning sluttar seg til vurderingane ovafor, oppsummering av hovudpunkta, og vil gjere framlegg om ny paragraf i skoglova om omdisponering av skogsmark

Oppsummering av hovudpunkta:

- Det bør kome ei miljøforskrift med høg detaljeringsgrad som set standard for dei krav som kan stillast til skogbruket for at det skal vere miljøvennleg.
- Skogeigar må ha ei klar plikt til å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst. Det må setjast krav til minimumstal for levande framtidstre av rett treslag ved høgde 1,3 meter. Vi sluttar oss til framlegget til departementet på minimumstal før det offentlege grip inn og gjev påbod.
- Tiltak mot hjorteviltskader bør ikkje inn i lova. Skadane skuldast i dei fleste tilfelle trekkelg som kjem frå fleire kommunar, og da kan ikkje kommunen gje pålegg som verkar.
- Det bør ikkje leggjast opp til generell meldeplikt for all hogst/ tiltak for forynging av skog.
- Det må framleis vere avsetjing til skogavgift/skogfond, men minimumssats for avsetjing til skogfond må vere 10 %.
- Skoglova bør framleis ha ein paragraf om omdisponering av skog. Vi gjer framlegg om følgjande ordlyd på ny paragraf:
Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at skogbruksinteressene bør vike. Det skal takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje. Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.

Behandling i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 11.03.2004:

Forslag:

Vågå kommune vil presisere at det er nødvendig å bruke tilskott til planting som verkemiddel for å oppretthalde ein stor skogproduksjon. Ein velstelt skog er ein del av kulturlandskapet, og tilskott til planting vil vere med å oppretthalde dette.

Forslaget samrøystes vedteke.

Deretter vart innstillinga med vedteke tillegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning - 11.03.2004:

Hovudutvalet for teknisk, plan, landbruk og naturforvaltning sluttar seg til vurderingane ovafor, oppsummering av hovudpunkta, og vil gjere framlegg om ny paragraf i skoglova om omdisponering av skogsmark

Oppsummering av hovudpunkta:

- Det bør kome ei miljøforskrift med høg detaljeringsgrad som set standard for dei krav som kan stillast til skogbruket for at det skal vere miljøvennleg.
- Skogeigar må ha ei klar plikt til å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst. Det må setjast krav til minimumstal for levande framtidstre av rett treslag ved høgde 1,3 meter. Vi sluttar oss til framlegget til departementet på minimumstal før det offentlege grip inn og gjev påbod.

- Tiltak mot hjorteviltskader bør ikkje inn i lova. Skadane skuldast i dei fleste tilfelle trekkelg som kjem frå fleire kommunar, og da kan ikkje kommunen gje pålegg som verkar.
- Det bør ikkje leggjast opp til generell meldeplikt for all hogst/ tiltak for forynging av skog.
- Det må framleis vere avsetjing til skogavgift/skogfond, men minimumssats for avsetjing til skogfond må vere 10 %.
- Skoglova bør framleis ha ein paragraf om omdisponering av skog. Vi gjer framlegg om følgjande ordlyd på ny paragraf:
- *Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at skogbruksinteressene bør vike. Det skal takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje. Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.*
- Vågå kommune vil presisere at det er nødvendig å bruke tilskott til planting som verkemiddel for å oppretthalde ein stor skogproduksjon. Ein velstelt skog er ein del av kulturlandskapet, og tilskott til planting vil vere med å oppretthalde dette.



ORGAN	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	SAKNR
Miljø- og næringsutvalet	TOP	03.03.04	023/04

FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK (SKOGBRUKSLOVA) - HØRING.**Dokumentliste:**

Nr	Type	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Dokumenttittel
1	I	18.12.03	Det Kongelege Landbruksdepartement	FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK - HØRING.

SAKSFRAMSTILLING:**Saksdokument:**

Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) – høring, datert 04.12.2003.

Bakgrunn.

Den gjeldande »Lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern (skogbruksloven)» er, som det går fram av namnet, fra 1965. Landbruksdepartementet har som formål med framlegget: »å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane».

LD seier om lovframlegget:

»*Lovforslaget legg m.a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større.*

Lovforslaget legg til grunn som hovedprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane blir forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet fører i denne samanheng inn omgrepene forvaltaransvar i lova.

Lovforslaget gir ei ny føresagn om forynging etter hogst. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksetjinga av den nye lova. Det er ynskjeleg at høringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m.a. eit forslag om heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova. Som for forskriften om forynging ber departementet høringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresagnene om omdisponering av skogsmark i gjeldande lov blir ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels ved føresagnene om deling og omdisponering i jordlova.

Føresegne i gjeldande lov om at brot ikkje blir påtala utan krav frå skogbruksstyremaktene blir ikkje ført vidare. Departementet meiner elles at særleg alvorlege brot på lova og forskrifter fastsett med heimel i denne, som gir varige negative verknader for miljøet, skal vurderast som miljøkriminalitet. Det kan i slike saker og bli reist tiltale etter straffelova.

Næringskomiteen sa følgjande i Innst. S. nr. 208 (1998-1999) side 19-20: »Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar.»

Vurdering:

Generelt:

Forenkling:

Det er ynskjeleg med ein enkel og kortfatta lovtekst. Gjeldande lov har 58 paragrafar, mens framlegg til ny lov har 22 paragrafar. Når ein les det nye framlegg til at det er grunn til å spørje om ynskje om forenkling har ført til at ein har gått for langt. Fjerning av paragrafen om omdisponering av skogmark er eit godt døme på at ein har tatt ut av lova (overført til jordlova) ei heilt naudsynt styringsreiskap i arealforvaltninga. Generelt framstår loven som ein funksjonell lov, men med klare behov for forbetring som er omtalt nedanfor.

Forhold mellom intensjon og verkemiddel:

Når ein les lovteksten med kommentarar får ein følinga av at departementet har store ambisjonar for aktivitetsnivået i skogbruket, samstundes er det vanskeleg å sjå at virkemidla står i samsvar med intensjonane. Minstesats i % til skogfondet (skogavgift) er eit særsviktig virkemiddel, når departementet foreslår 2 % syner det eit særsviktigt ambisjonsnivå.

Skogoppsyn:

Gjeldande skogbrukslov brukar omgrepene »skogoppsyn» som ei samlenemning for dei organ som har makt til å treffe vedtak etter lova. I framlegg til ny lov er omgrepene ikkje ført vidare. Kommunen er utøvande førsteinstans for mange lovar utan at tilsvarande omgrep blir nytta i samband med andre lovverk. Når kommunen frå 01.01.2004 er skogbruksstyremakt i første instans er det naturleg at omgrepene »skogoppsyn» ikkje førast vidare.

Omdisponering av skogsmark:

I gjeldande skoglov er det § 50 som styrer omdisponering av skogsmark til andre formål enn skogbruk. I framlegg til ny skoglov er fråseguna om omdisponering av skogsmark tatt bort. I staden vil departementet endre § 9 i jordlova og ta inn skogbruk der. Det som gjeld skogbruk blir: »Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruks- eller skogbruksinteressene bør vike. For skog skal det og takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog etter lov om skogbruk. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje. Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte jorda eller skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.»

I dagens jordbruk er det eit aukande behov for kulturbeteite. Dette skuldast aukande del sommarmjølk, auka tal ammekyr og lovpålagt beitesesong. Dei fleste sakene om kulturbeteite er kurante, men pga. smale skogteigar som går frå dalbotn og heilt til fjells er det heilt naudsynt å ha styringsmogelegheit på denne arealbruken. Vi har hatt fleire store arealomdisponeringssaker i Ottadalen som bare har kunne styra gjennom §§ 50 og 1 i skogbrukslova. Det er derfor viktig å ha ein lovheimel som kan styre all omdisponering av skogsmark. Denne lovheimelen bør stå i skoglova. Det er ulogisk og forvirrande at ein må leite i jordlova for å finne heimelen om omdisponering av skogsmark. Det er særskilt å føye til paragrafen i skoglova i ei kurant delingssak. I praksis har ein som sakshandsamar ferdige malar på vedtak, der det t.d. stårkommune gjev løyve til, i medhald av §§ 9 og 12 i jordlova og § 50 i skoglova, Så argumentasjon om å samle omdisponering av både jord og skog i jordlova for å gjere ting enklare er ikkje relevant.

Kommentarar til dei einskilde paragrafer:

§ 1 Formålet med lova (formålsparagrafen):

Formålsparagrafen er eit viktig signal om prioritering av kva interesseområda loven dekkjer og vektlegginga på kvar område. I internasjonal skoglovgjeving, og i framlegget til ny skoglov, er det ei tredeling som omfattar økonomi, økologi og skogen sine kulturelle og sosiale verdiar. Departementet gjer framlegg om følgjande ordlyd:

»*Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfoldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen*». I notatet som følger lovutkastet skriv departementet: »*I arbeidet med formålet og dei ymse føresegnene i lova er det derfor lagt særleg vekt på at lovgevinga skal fremme ei aktiv og berekraftig forvaltning som tek sikte på verdiskaping*». Dette er formuleringar som vi berre kan slutte oss til.

§ 4 Skogeigar sitt forvaltaransvar

Lovgjevinga i t.d. Sverige, Finland og Tyskland inneheld konkrete føresegner om skogbruket sine miljøoppgåver, under dette omsyn til nøkkelpotopar og andre særlege miljøverdiar i skog.

Departementet varslar ei ny miljøforskrift. Dette var sist framme i samband med utarbeiding av »Skogmeldinga» (St. meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren). Det utøvande skogbruk gjennom Norges Skogeierforbund gjekk den gong sterkt i mot miljøforskrift, og viste til Levende Skog standardane. Levende Skog er ei avtale mellom skogbruket og ei rekke miljø-, frilufts-, arbeidstakar- og treforedlingsorganisasjonar om korleis skogbruket skal drivast for mellom anna ta tilstrekkelege miljøomsyn. Formålet med avtala var å skape »fred» med miljøinteressene, og gjere norsk skogbruk truverdig i miljøsamanheng i verdsmarknaden. Tida har vist at kritikken frå miljøsida mot norsk skogbruk har halde fram, også i internasjonale fora, for å fremje press mot norsk skogbruk. Miljøsida ynskjer stadig å frede større skogareal, og å stramme inn på standardane slik at skogbruket blir pålagt stadig nye restriksjonar. Det har nå blitt prøvd å gjennomføre ein avtala revisjon av Levende Skog standardane. Det har resultert i at Norges naturvernforbund har brote samarbeidet fordi dei følte at dei ikkje fekk nok gjennomslag for innstrammingar i standardane.

Ved Stortingets handsaming av Skogmeldinga sa komiteen: »*Flertallet, medlemmene av Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Høyre, vil be departementet vurdere resultatet av en videreføring av dette frivillige prosjektet etter 2 år, og da ta stilling til om det er behov for en miljøforskrift i påvente av en fullstendig gjennomgang av saksfeltet i forbindelse med ny skogbrukslov.*

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, vil understreke at det er nødvendig med klare miljøbestemmelser i lov- og regelverket for skogbruket. »

Det ligg i sakens natur at miljøorganisasjonane alltid vil presse for at miljøinteressene skal vektleggast stadig tyngre i forhold til andre interesser. Å tru at ei friviljug avtale kan stanse ein slik prosess er ei feilvurdering. Derfor er det viktig at det offentlege trekker opp klare rammer for dei krav som skal stillast til skogbruket for at tilstrekkelege miljøomsyn blir tatt. Landbruksdepartementet har investert meir enn 40 millionar kroner i prosjektet »Miljøregistrering i skog – MiS). Noreg har gjennom dette prosjektet skaffa seg unik kunnskap, også sett i eit internasjonalt perspektiv, om korleis ein skal ta vare på det biologiske mangfald i norsk skog. Denne kunnskapen må nyttast til å utarbeide ei detaljert miljøforskrift.

Departementet ynskjer synspunkt på om t.d. reglar om hogst knytt til reirlokalitetar for rovfugl o.a., grøfting av myr og sumpmark, fjerning av kantsonar mot vann og vassdrag har nokon verdi. Reglane bør ha ein slik detaljeringsgrad. Dette vil sikre skogeigaren sin rettstryggleik i slike spørsmål. Handsaminga av offentlege lovar og forskrifter er styrt av forvaltningslova og skogeigar er sikre rett til å klage på vedtak og få saka vurdert av overordna organ. Levende skog standardane har ikkje ein slik rettstryggleik for skogeigaren.

Miljøforskrifta vil da kunne sette ein standard på kva som er naudsynt for sikre at tilstrekkeleg miljøomsyn blir tatt. Det vil ha stor verdi for det utøvande skogbruk å ha eit slikt rammeverk å halde seg til når dei skal diskutere Levende Skog standardar med miljøsida, og det er grunn til å tru at det kan vere med å dempe presset om stadig aukande restriksjonar. Det vil ha stor verdi for treforedlande industri, både nasjonalt og internasjonalt, og kunne marknadsføre at produkta er produsert innanfor ei detaljert nasjonal miljøforskrift. Det er grunn til å understreke at framlegget ikkje har bakgrunn i eit ynskje om å auke byråkratiet, eller gje kommunen meir makt, men fordi det utøvande skogbruk vil vere tent med ei miljøforskrift.

§ 6 Forynging og stell av skog:

Plikt til å syte for ny skog etter hogst er fundamental i lovgiving om skog i nyare tid. Dette er blitt eit særleg aktuelt spørsmål etter at statstilskotet til planting blei teke bort. Både Sverige og Finland har i sine lover heimla ei plikt til å reise ny skog etter hogst. Lovane i dei to landa gjev heimel til å setje tidsfristar og kvalitetskrav til forynging, og til å krevje meldingar om planlagde og gjennomførte tiltak som siktar mot forynging.

I Finland må t.d. skogeigaren melde hogst seinast 14 dagar og høgst to år før den blir sett i gang. Lova stiller og krav om at tiltak for å få opp ny skog skal vere sett i verk innan 5 år etter at hogsten starta. Skogstyresmakta skal og ha melding når tiltaka knytt til forynging er gjennomførte.

Sverige har tilsvarande krav om melding om hogst til den regionale skogstyresmakta. Meldinga skal mellom anna innehalde opplysningar om korleis forynging skal gjennomførast. Skogstyresmakta brukar i praksis meldinga som grunnlag for råd eller påbod etter direkte kontakt med skogeigaren, eller entreprenøren, før hogst eller andre innmeldte tiltak blir sett i verk. Tiltak for forynging skal generelt vere gjennomførte innan 5 år. Fristane for etablering av forynging er 5 år i Sør-Sverige og 10-15 år i Nord-Sverige. Skogstyresmakta har heimel i lova for å krevje økonomisk tryggleik eller garanti for at tiltak for forynging kan bli gjennomførte, før hogsten blir sett i verk. Dette er ein parallel til ei av dei viktige funksjonane ordninga med skogavgift har i Noreg.

Departementet meiner at det ikkje er naudsynt med ei landsdekkande meldeplikt for hogst i Noreg. Departementet foreslår likevel at kommunane eller skogbruksstyresmaktena på andre nivå skal kunne innføre meldeplikt om det er nødvendig. Vi vil slutte oss til vurderinga til departementet. Ein generell meldeplikt, som våre nordiske naboar har, er ei unødig byråkratisering som ikkje vil gje ein gevinst som står i forhold til alt arbeide den vil medføre. I Noreg er det ofte slik at skogbrukssjefen enten

arbeider for fleire kommunar eller så har han andre arbeidsoppgåver utanom reint skogfaglege. Det er ikkje kapasitet etter systemet i dag til å følgje opp generell meldeplikt på ein meiningsfull måte. Men det er verdt å merke seg at i Finland og Sverige er skogbruket og skogindustrien store og viktige næringar. Den innsatsen dei sett inn for raskt å få opp ny skog av god kvalitet viser kor viktig dette er i eit langsigktig perspektiv.

Departementet meiner at ved hogst tek skogeigaren ut verdiar og inntekter frå skogen. Departementet legg derfor til grunn at dette gjer skogeigaren forplikta til å ta kostnaden med å få opp ny skog. Vi vil gje vår fulle tilslutning til dette som har vori eit berande prinsipp i skogbruket i alle år. Dei seinare år har dette prinsippet kome litt i bakgrunn i tråd med den samfunnsmessige utviklinga der kortsiktig profitt er i fokus, og investeringar i eit 100 års perspektiv kjem i bakgrunn. Foryngingsfeltkontrollar som skogoppsynet har gjennomført over hele landet viser at på ca. 20-25 % av hogstflatene er det ikkje gjort tiltak for å sikre ny forynging. I tillegg har ein monaleg del av det tilplanta areal på dei beste bonitetane for lågt tretal. Dette vil gje store konsekvensar for framtidig avverkningskvantum.

Skogforskarar har rekna ut at om denne trenden fortsett vil tilveksten i norske skogar i løpet av neste hundreår bli halvert frå 23 millionar kubikkmeter i dag til 10 millionar kubikkmeter. Da er tilveksten tilbake på det nivå den var ved inngangen på 1900 talet. Stor satsing på planting og skogkultur, med monaleg statleg støtte, dobla tilveksten i løpet av 1900 talet. Derfor bør skogloven ha ei klar foryngingsplikt med klare tidsfristar og minimumskrav på tal utviklingsdyktige planter av rett treslag.

Departementet har sett opp ein tabell for minstekrav til tettleik i foryngingane. For gran går den frå 125-150 planter på høg bonitet, 80-100 på middels bonitet og ned til 50 på låg bonitet. For furu er kravet 150-180 på høg bonitet, 100 –125 på middels bonitet og ned til 50 på låg bonitet. Låg bonitet er i tabellen oppgjeve til F8, i Ottadalen har vi monalege områder med F6, så for furu må minimumskravet gjelde F8 og F6. Minimumskravet til departementet ligg under det som er naudsynt for å få tilfredsstillande kvalitets- og volumproduksjon. Det hadde vore ynskjeleg at nivået var minst 40 % høgare, for kvalitetsproduksjon av furu må ein langt høgare enn det og. Men som eit minimumsnivå, kor skogeigaren blir pålagt å gjere tiltak for å betre situasjonen om ein kjem under dette, finn ein det rett at nivået ikkje er høgare. Det er rett å akseptere at nivået er noko under det som er optimalt før det offentlege skal gå inn med pålegg. Det som er særstakt viktig er at minimumskravet gjeld under heile foryngingsfasen. Det er ikkje nok å plante dette talet planter. Det må plantast fleir for nokon vil alltid gå ut, og særleg på høg bonitet må det som regel gjerast tiltak for å oppretthalde talet utviklingsdyktige planter av rett treslag under heile foryngingsfasen. Kravet må vere definert til å gjelde tal planter som skal vere utviklingsdyktige ved t.d. 1,3 meters høgde. I forskriftera bør det setjast krav om kor stor del av hogstane som skal kontrollerast slik at ein får ein lik praksis frå kommune til kommune.

Nytt i forhold til den gjeldande lova er at kommunen etter at 3 års fristen og ny frist på 2 år er ute, kan syte for at tiltaka blir utført på skogeigaren si rekning.

Departementet skriv at akseptabel ventetid på naturleg forynging, før ein når minimumskrava, er fem år på høg bonitet, 10 år på middels bonitet og 15 år på låg bonitet. Vi sluttar oss til denne vurderinga.

Pålegg om vidare stell av ungskogen, avstandsregulering og lauvrydding, er ikkje heimla i loven. Det er grunn til å diskutere om dette er rett. Dette er heilt naudsynte tiltak om ein skal få store dimensjonar og god kvalitet i framtida. For kommunane vil det bli så arbeidskrevjande å følgje opp dette på kvar eigedom at bemanninga måtte aukast monaleg. Det er ikkje realistisk at det offentlege skal ha kapasitet til å følgje opp dette, og da bør det heller ikkje stå i lovteksten.

§ 9 Førebyggjande tiltak

Det har vori diskutert om skader på skog av hjortevilt bør inn i lova. Det er eit særstort problem i ein skilde område, jfr. Murudalen i Sel kommune. Der det er store skader er det som regel trekkelg frå fleire kommunar. Dermed er det i praksis umogeleg for kommunen å påleggje noko tiltak med heimel i lov. Hjorteviltskader bør derfor ikkje inn i lova.

§ 11 Meldplikt:

Departementet legg ikkje opp til generell meldeplikt for all hogst/tiltak for forynging og stell av skog, men at kommunen kan innføre det. Vi gjev vår støtte til dette, det er ikkje naudsnyt med ei generell meldeplikt.

§12 Vernskog

Lovteksten er ”*Med vernskog meiner ein i denne lova skog som tener som vern for annan skog, og område der skogen kan gi vern mot naturskadar. Vernskog kan og omfatte område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er så sårbar at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikkje blir øydelagd ved feil skogbehandling*” Det står vidare at fylkeslandbruksstyret kan innføre meldeplikt.

Det er i dag meldeplikt for hogst i vernskog. Skogeigarar som skal hogge mindre kvanta ringer i regelen til skogbruksjefen, og skogbruksjefen fyller ut skjema og fører på at løyve er gjeve under telefonsamtalen. Løyve er dermed postlagt same dag. Større drifter blir ofte synfart, og vilkår for hogsten sett om det er naudsnyt. Skogbruksjefane er så godt kjend at dei effektivt kan gjere ei slik siling av saker. Røynsle har vist at feil skogbehandling i vernskogen kan gje negative konsekvensar i fleire 10 år. Det er derfor viktig at hogstar i vernskogen bli vurdert av saksbehandlar med skogbruksfagleg kompetanse. I lovteksten bør det derfor stå at det er meldeplikt i vernskogen (lovteksten er i dag slik).

§ 14 Innbetaling til skogfond:

Å oppretthalde skogavgiftsordninga, no kalla skogfond, er viktig for å oppretthalde eit langsiktig berekraftig skogbruk. Som omtalt under § 6 Forynging og stell av skog har det i fleire år vore ein monaleg reduksjon i planting og ungskogpleie. I 1990, som var eit toppår, vart det planta 66 millionar planter og gjort ungskogpleie på 765 059 daa. I 2002 var tilsvarannde tal 28 millionar og 332 877 daa, dette er gjev grunn til stor bekymring. Pliktig avsetning av ein del av tømmerverdien for å sikre investeringar i ny skog har vore ein av grunnpilarane i oppbygginga av norske skogressursar. Når det ikkje er rentar på kontoen, og ein stor skattefordel (60 %) ved å nytte midlane til langsiktige investeringar, er dette eit særstort verkemiddel i norsk skogpolitikk.

Departementet skriv at dei ser det som særstort viktig å føre ordninga vidare. Dei gjer framlegg om minimumssats på 2 % av bruttoverdi av virket. Framleggget til lov viser eit ynskje om å legge opp til ein offensiv politikk for å fremje skogbruket som næring og ta vare på framtidig skogproduksjon ved å skjerpe plikten til å forynge etter hogst. Minimumssatsen på 2 % harmonerer ikkje med dette. Det er i dag ikkje tilskot til planting, og da vil det normalt vere behov for minimum 15 % skogavgift, ofte meir, for å dekkje skogkulturkostnadane og noko vegkostnadar. I furuområde vil behovet kunne vere under 15 %, men særstort sjeldan under 10 %. Om det er ein skogeigar som har for mykje skogavgift på kontoen er det ein enkel sak og frigje denne. Mangel på skogavgift er i dag den viktigaste negative faktor (særleg nå som vi har så lite statstilskot) når det gjeld manglende aktivitet på skogkultur. Plantinga i Oppland i 2003 har nådd historisk botnnivå og ungskogpleia er halvert frå året før. Dette skuldast at statstilskotet blei borte i 2003, og skogeigarane har ikkje nok midlar på skogavgiftskontoen til å kompensere for bortfallet av statstilskot.

Minimumssats for avsetjing til skogfond må vere 10 %. Dette vil skogeigarane vere tent med fordi dei i mykje større grad vil få nytta skattefordelen ved bruk av skogavgift.

Rådmannens innstilling:

Miljø- og næring sluttar seg til vurderingane ovafor, oppsummering av hovudpunktene, og vil gjere framlegg om ny paragraf i skoglova om omdisponering av skogsmark

Oppsummering av hovudpunktene:

- Det bør kome ei miljøforskrift med høg detaljeringsgrad som set standard for dei krav som kan stillast til skogbruksinteressene bør vike. Det skal takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje. Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.
- Det bør kome ei klar plikt til å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst. Det må setjast krav til minimumstal for levande framtidstre av rett treslag ved høgde 1,3 meter. Vi sluttar oss til framlegget til departementet på minimumstal før det offentlege grip inn og gjev påbod.
- Tiltak mot hjorteviltskader bør ikkje inn i lova. Skadane skuldast i dei fleste tilfelle trekkelig som kjem frå fleire kommunar, og da kan ikkje kommunen gje pålegg som virkar.
- Det bør ikkje leggjast opp til generell meldeplikt for all hogst/ tiltak for forynging av skog.
- Det må framleis vere avsetjing til skogavgift/skogfond, men minimumssats for avsetjing til skogfond må vere 10 %.
- Skoglova bør framleis ha ein paragraf om omdisponering av skog. Vi gjer framlegg om følgjande ordlyd på ny paragraf:
Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at skogbruksinteressene bør vike. Det skal takast omsyn til skogsmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar. Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendig av omsyn til dei formåla lova skal fremje. Dispensasjon fell bort dersom arbeidet for å nytte skogen ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtak er gjort.

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet:

Samrøystes som framlegget.

Dato: 04.03.04

Utskrift sendt til:

Skogbruksjef Tormod Pedersen